

# KONTAKT

KYRKJEBLADET FOR MELAND · NR. 3/19 · 29. ÅRGANG



3-5

Soknerådskandidatane

9-10

Politikarar om kyrkjevalet

12

Kryssord



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland kyrkjelyd

**KONTAKT er kyrkjebladet for Meland kyrkjelyd. Det vert laga i samarbeid med Alversund, Seim, Lygra, Osterfjorden og Mo sokn.**

Kyrkjebladet kjem ut 4 gonger i året.

**Bankgiro:** 3632.07.04019 eller

**Vipps 59301**

**Redaktør:** Gunvor Taule Mjanger

**Redaksjon:** Stine Karin Sæle, Torbjørn

Bøen og Anne Sofie N. Uthaug

**Grafisk design:** Oppløtt

**Trykk:** Bodoni AS

**Framsida-bilde:** Ringing med skipsklokka på Oster til gudstenesta ved kystsogedagane på Holmeknappen. Foto: AK Uthaug (2012)

**www.melandkyrkja.no**

**Adresse:** Postboks 117, 5906 Frekhaug

**Telefon:** 56171480

**Epost:** post.meland@kyrkja.no

Besøksadresse kontor og Møteplassen:

Havnevegen 31, Frekhaug

**Treffetid:** Mandag, onsdag,

fredag 12.00-15.00

# Tankestrekk

Av Håkon Ø. Kinsarvik, spesialprest i Meland kyrkjelyd

Kyrkja har tradisjon for å vere grundig med spørsmål knytta til teologi og ordning. Som debatten om Jesu natur som sann Gud og sant menneske som dei brukte lang tid på å diskutere, heile fleire hundre år. Dette er noko av grunnen til at kyrkja har stått si prøve gjennom mange utfordringar og endringar før også. Ho er grundig.

Når kyrkja no går inn i prosessen mot ny kyrkjeordning, vedkommande kyrkjemøtet sin periode, bør dei igjen sjå seg tilbake i tid for å hente inspirasjon av kyrkja sine største tenkjarar - som Martin Luther, Augustin og Paulus med fleire. Det må vere Skrifta og vedkjenningskriftene som må ha ein heilt sentral plass som autoritet for læra i kyrkja. Ein må forstå kyrkja ut fra CA 7 «forsamlinga av dei heilage, der evangeliet vert lært reint og sakramenta forvalta rett». Kyrkja er ikkje kyrkjemøtet. Det er ein lokal organisme som er levande, det er oss her i Meland.

I 1996 var soknerådet formelt sett det rådet som innførte nye liturgiar og tok ansvar for det åndelige livet i kyrkjelyden (§9 i kyrkjelova) sjølv om det hadde vore praksis i lang tid. Det vart formalisert i kyrkjelova. Soknerådet skulle sikre at det var ei lokal forankring av kyrkja. Det er ofte dei frå grasrota som kjenner best kor skoen trykkjer. Det at Dnk har to bein å stå på både som folkekyrkje og som vedkjennande kyrkje. Det vil vere til det beste om sokneråda får mynde til å styrkje begge desse sidene ved kyrkja. Det vil vere urovekkjande om det er kyrkjemøtet som skal overta den rolla soknerådet har hatt; det at kyrkja blir brukt i eit politisk spel om makt skapar uro. Det kan virke tørt å snakke om kyrkjeordning, men det handlar om livet i kyrkja her i Meland. At me framleis og kanskje i endå større grad kan påverke korleis me kan nå nye, framleis rekruttere til dåp og trusopplæring, diakoni og ein aktiv kyrkjelyd inn i framtida med ny kyrkje i Meland.

Til hausten er det val, både av nytt sokneråd og bispedømeråd. Eg håpar at det nye bispedømerådet som skal vere med å innføre ny kyrkjeordning legg vekt på lokal grunnstyring og at soknerådet si reelle makt vert bevart. Eg vil oppmode til å stemme på kandidatar som også ønskjer dette og håpar at kyrkja i framtida tør i endå større grad å peike på Kristus og vere kyrkje lokalt. Vår visjon i Dnk er: Meir himmel på jorda, ei kyrkje som i ord og gjerning vitnar om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus ved å vere vedkjennande, open, tenande og misjonerande. Godt val!



**Bjørn Tore Sæle**

Sokneprest - 56 17 14 84

bs694@kyrkja.no



**Anne Sofie Nergård Uthaug**

Kyrkjevevjerje - 56 17 14 85

au887@kyrkja.no



**Ruben Sæle (permisjon)**

Diakon med ungdomsfokus

56 17 14 88 - rs433@kyrkja.no



**Håkon Økland Kinsarvik**

Spesialprest - 56 17 14 80

hk482@kirken.no



**Vibeke Bjørndal Midttun**

Vikar for diakon

56 17 14 80



**Trond Fykse**

Kyrkjelydsmusikar - 56 17 14 83

tf788@kyrkja.no



**Anne Marit Fosse Dahle**

Kyrkjelydspedagog - 56 17 14 82

ad423@kyrkja.no



**Linda Gripsgård Lunga**

Konsulent - 56 17 14 80

ll362@kyrkja.no



**Junji Furukawa**

Kyrkjetenar - 467 97 567

junjif@sky.plala.or.jp



**Regine Sagstad Berg**

Soknerådsleiar - 993 24 460

reginesagstad@gmail.com

**Ruben Sæle (permisjon)**

Diakon med ungdomsfokus



Følg oss på Facebook:

@melandkyrkja

# Soknerådskandidatane i Meland presenterer seg

9. SEPTEMBER SKAL DET VELJAST SOKNERÅD OG BISPEDØMERÅD, SAMTIDIG MED VAL TIL KOMMUNESTYRE OG FYLKESTING. HER KAN DU LESE OM MELAND SINE SOKNERÅDSKANDIDATAR.

DU FINN MEIR OM KYRKJEVALET UTOVER I BLADET.



1


## REGINE SAGSTAD BERG

(F. 1988)

BUSTAD: Drageneset, Austebygda  
YRKE: Avdelingsleder Bouvet

**Erfaring:** Soknerådsleiar siden 2015-, husgruppeleiar for konfirmanter 2015-, gudstenestelagleiar 2017-, tidligare styremedlem i Motitech og styreleiar i Buss & Media.

**Oppteken av:** Eg er spesielt oppteken av at ungdom og unge vaksne skal kjenna at dei høyrer til og har ein plass i kyrkja, i tillegg til at kyrkja har ein aktuell bodskap og gode tilbod i nærleiken av der folk bur. Eg ivrar etter å fortsetje arbeidet med å få på plass tenlege bygg som kan romma dei tilboda kyrkja har og ynskjer å gje. I den neste perioden vert soknerådsarbeidet ekstra spennande med tanke på samanslåing, og då er det viktig med rådsmedlemmar som vil sikra godt samarbeid.



3

## ASLAUG MILJETEIG

(F. 1971)

BUSTAD: Frekhaug  
YRKE: Sykepleier

**Erfaring:** Jeg er oppvokst i et kristent hjem. Har vært med i ulike typer kristent barne- og ungdomsarbeid i Åsane der jeg bodde i ungdommen. Her i Meland har jeg vært med som leder i Løvegiengen og vært med på ulike trosopplærings-tiltak som Tårnagent-helga og Lys Våken-arrangementet.

**Opptatt av:** Når jeg stiller til valg for soknerådet er jeg innstilt på å gjøre en innsats for kyrkjelyden. Jeg er for en inkluderende og levende hverdagskirke. Viktig at barn, ungdom og voksne føler seg velkommen og opplever at Gud er der for dem uansett.

## KANDIDATANE HAR FÅTT DESSE SPØRSMÅLA:

- Kva erfaring har du frå kyrkjelyd/organisasjonsliv?
- Kva er du oppteken av i kyrkjelydsarbeidet?



2

## BENT GUNNAR NÆSS

(F. 1962)

BUSTAD: Håstølen, Vestbygd  
YRKE: Prosjektleiar

**Erfaring:** Jeg er oppvokst i et kristent hjem. Har vært med i ulike typer kristent barne- og ungdomsarbeid i Åsane der jeg bodde i ungdommen. Her i Meland har jeg vært med som leder i Løvegiengen og vært med på ulike trosopplærings-tiltak som Tårnagent-helga og Lys Våken-arrangementet.

**Oppteken av:** Når jeg stiller til valg for soknerådet er jeg innstilt på å gjøre en innsats for kyrkjelyden. Jeg er for en inkluderende og levende hverdagskirke. Viktig at barn, ungdom og voksne føler seg velkommen og opplever at Gud er der for dem uansett.



4


## ERLEND ÅSEBØ

(F. 1981)

BUSTAD: Frekhaug  
YRKE: Lærer

**Erfaring:** I studenttida var eg med i KRIK og i Norkirken Bergen. Etter at vi flytta tilbake til Frekhaug har eg vore leiar på søndagsskolen i kyrkja vår. Har vore og er trenar i barneidretten

**Oppteken av:** Eg ønskjer ein livleg og raus kyrkjelyd der ulike menneske i alle aldrar kan finna trivsel, og håpar å kunne vere ein positiv bidragsytar til dette.



5

**BERTINE WIIK SULEBAKK**

(F. 1998)  
BUSTAD: Frekhaug  
YRKE: Student

**Erfaring:** Jeg har vokst opp i kirka og har helt siden jeg var liten vært med på litt forskjellig. Jeg har vært med i barnearbeidet der jeg har hjulpet til på søndagsskolen, Lys våken og litt i konfirmasjonsarbeidet. Jeg har også vært med i ungdomsarbeidet på bedehuset i mange år, der jeg har vært leder og vært i styret. De siste årene har jeg vært med i gudstjenesteteteamet som har hatt ansvar for Søndagsåpent. Der er jeg ofte med og bidrar med sang i gudstjenesten. Dette har jeg trives veldig godt med og skal fortsette med til høsten.

**Oppteken av:** I menighetsarbeidet brenner jeg for sangen og musikken og for at det skal være plass til ungdommene i kirka. Jeg ønsker at de skal føle seg velkommen og at de er ønsket.



6

**KRISTIN BRAKSTAD TRAA**

(F. 1971)  
BUSTAD: Frekhaug  
YRKE: Lærer

**Erfaring:** I Meland kyrkje har eg vore med i Løvegiengen, gudstjenesteteteam, husgruppe, barne- og ungdomsutval, og ellers vore med i diverse barne og ungdomsarbeid.

**Oppteken av:** Eg er oppteken av at kyrkja skal ha eit tilbod der alle generasjonar er inkludert.



7

**ANDREAS SAGSTAD BERG**

(F. 1987)  
BUSTAD: Drageneset, Austebygda  
YRKE: Sivilingeniør

**Erfaring:** Soknerådsmedlem (2015-2019), Husgruppeleiar for konfirmantar (2015,2018,2019), Medlem i gudstjenestelag (2016-).

**Oppteken av:** Eg ynskjer å arbeida for ei inviterande og inkluderande kyrkje med verdi for lokalsamfunnet. Eg er oppteken av at kyrkja sin bodskap skal opplevast aktuell og vil elles arbeida for at kyrkja skal ha eit breitt tilbod og eit variert og engasjerande gudstjenesteliv.



8

**PER AUDUN HESKESTAD**

(F. 1955)  
BUSTAD: Juviknipa, Frekhaug  
YRKE: Lektor, realfag og samfunnsfag

**Erfaring:** Jeg har to perioder fra før i Soknerådet og er/har også vært aktiv i Frekhaug Indremisjon.

**Opptatt av:** Jeg er takknemlig for alt det gode arbeidet som gjøres gjennom kyrkjelyden i Meland. Jeg tror det kan gjøres enda mer, særlig for å gjøre kyrkjelyden og aktivitetene der attraktive for enda flere mennesker. Kirka skal alle i kommunen kunne ha et positivt forhold til. Vi må være flinke til å vise at Gud er god.



9

**MARIA SÆLE**

(F. 1981)  
BUSTAD: Mjåtveit, Frekhaug  
YRKE: Adjunkt/ lærer

**Erfaring:** Eg har vakse opp i kyrkja. Som prestedotter fekk eg liturgi og salmesong inn med morsmjølka. Då eg byrja på ungdomsskulen, vart eg med i det kristne skulelaget, NKSS/Laget og vart fort engasjert i styrearbeid, leiartraining og fekk leiaransvar med skuleandaktar, leiararbeid og kveldsmøte. Gjennom studietida mi engasjerte eg meg i studentlaget (NKSS) i Bergen. Eg har også hatt ulike tenester i gudstenestearbeid der eg har budd. For oss som familie er sundag ein sjølvsgagt kyrkjedag, og elles er det naturleg for meg å ta del i husgruppe og arrangement i kyrkja.

**Oppteken av:** I kyrkjelydsarbeidet er eg særleg oppteken av barne- og familiarbeidet og gudstenestearbeid. Eg har sjølv fått ein solid oppvekst i kyrkja og ønskjer å leggje til rette for dei som no veks opp. Meland treng eit godt barne- og ungdomstilbod. Dessutan synest eg det er viktig at kyrkja er ein ressurs og bidragsytar i arbeidet for miljøspørsmål. Innad i kyrkjelyden vil eg arbeide for eit breitt spekter av tilbod for alle aldersgrupper og uavhengig av familiesituasjon.



11

**ASTRID ANNE FJELDSTAD**

(F. 1949)  
BUSTAD: Skjelanger  
YRKE: Pensjonist, men arbeider litt i heimetenesta i Meland

**Erfaring:** Har sete i soknerådet i fleire periodar tidlegare. Eg er frivillig på Møteplassen som kyrkja driv. Eg syng i 2 kor og er aktiv i LHL både lokalt og som likemann på Haraldsplass.

**Oppteken av:** Eg ønskjer at fleire skal finna sin plass innanfor livet i kyrkja og kyrkjelyden i Meland.



10

**ASLAUG AALEN**

(F. 1973)  
BUSTAD: Flatøy  
YRKE: Avdelingsleder

**Erfaring:** Jeg har bodd i Meland i 19 år, og i løpet av denne tiden har jeg vært med i husgruppe og i Løvegjengen. Jeg har også sunget i Alversund kammerkor.

**Opptatt av:** Jeg er opptatt av barne- og ungdomsarbeidet og at gudstjenestene skal ha lav terskel og være et tilbud for alle. Jeg er også opptatt av bærekraftig utvikling og forvalteransvaret vi har som kristne.

# Kort og nytt

**NYTT MISJONSPROSJEKT**

Soknerådet har vedtatt å byte misjonsprosjekt til NMS (Det norske misjonsselskap) sitt prosjekt i Midtausten.

**NYE HIP-HOPKURS**

Det vert nye hip-hopkurs for barn i haust. Nærare detaljar finn du på nettsida/facebooksida til Meland kyrkjelyd.

**DIAKON I 100%**

Diakonstillinga har vorte auka til ei full stilling sidan det har kome nye midlar frå bispedømet.

**TAKK TIL HELGE HITLAND**

Helge Hitland har vikariert som prest i Meland frå hausten 2017 til juni 2019. Mange har sett pris på å møte han att, sidan dei har kjent han som sokneprest frå tidlegare. Staben og soknerådet har vore glad for å ha ein så sprek pensjonist som vikar. No er Helge i eit vikariat i Alversund sokn.

**PERMISJONAR OG VIKAR**

Diakonen vår Ruben Sæle har farspermisjon frå mai til desember 2019, med unntak av nokre få arrangement/ tiltak. Frå august er Vibeke Bjørndal Midttun vikar. Vibeke kjem frå Osterøy og er hobbymusiker på si. Sokneprest Bjørn Tore Sæle har nokre vekers studiepermisjon i haust, som vert teken ut periodevis.

# Ny i Meland kommune?

Du er hjarteleg velkommen til å bli med på samlingar og aktivitetar i regi av, eller i samarbeid med Meland kyrkjelyd.

**Gudsteneste kvar søndag i Meland kyrkje kl. 11.00.**

Treng du skyss til Meland kyrkje? Ta kontakt med **kyrkjekontoret 56 17 14 80.**

**Felix Vocalis.** Kor for vaksne. Øver annankvar tysdag kl. 20.00 - 22.00 på Møteplassen. *Kontakt: Jannicke Wisløff Åsebø, 40 22 86 94.*

**Husgrupper.** Smågrupper som møtest i heimar. Sosialt, samtale, måltid, bøn. *Kontakt: Kyrkjekontoret, 56 17 14 80.*

**Internasjonal kafe.** Uformell treffplass, nokre gonger med litt program. Kvar onsdag kl. 19.30 - 21.00 på Møteplassen. *Kontakt: Brit Torun Hitland, 95 22 35 08.*

**KRIK Meland.** Trening, leik og andakt i gymsalen på Vestbygd skule ca ein fredag i mnd (sjå Facebook for datoar). To grupper: KompizKRIK: 5-7. klasse, kl. 18-19.30. Frå 8. klasse: Kl 19.30-21.

**Levande Lys.** Barnekor for deg som har fylt 4 år og oppover. Øver annankvar onsdag kl. 17.30 - 18.30 på Frekhaug bedehus. *Kontakt: Kamilla Strømsbo Dale, 47 30 65 24.*

**Norskkurs for innvandrarrar.** Gratis norskkurs, små grupper. Kvar onsdag kl. 18.00 - 19.30 på Møteplassen. Skyss for dei som treng. *Kontakt: Brit Torun Hitland, 95 22 35 08.*

**Open Møteplass.** Open treffstad/kafé for dei som er heime på dagtid. Kvar mandag, onsdag og torsdag kl. 11.00-13.30 på Møteplassen. *Kontakt: Marit Sæle, 404 73 520.*

**Onsdagsklubben.** Leik og moro, bibelforteljing og song, bål og bollar for barn og foreldre. Annankvar onsdag kl. 17.30 - 18.30 i Drømmedal (mellom Mjåtveitstø og Mjåtveitmarka). *Kontakt: Ruben Sæle, 56 17 14 88.*

**Seniors.** Treffpunkt med program og middag på dagtid på folkehøgskulen. Samarbeid med Frekhaug indremisjon og Norkirken. *Kontakt: Victor Bakke, 99 61 75 83.*

**SKrUL.** Tenklubben, ungdomsklubb for deg som går i 8. klasse og oppover. Oppstart laurdag 31. august kl 20.00 på Frekhaug bedehus. *Kontakt: Ruben Sæle, 56171488.*

**Småbarnstreff med babysang.** Kvar tysdag kl. 11.00 - 13.00 på Møteplassen. *Kontakt: Anne Marit Fosse Dahle, 93 61 13 11.*

**Strilongane.** Barnekor for deg som er ca. 4 år og oppover. Øver kvar mandag kl. 17.45 - 18.30 i Ungdomshuset på Rossland. *Kontakt: Sandra Bruvik, 45 25 16 09.*

**Søndagsskuleklubben.** Aktivitetar og andakt. For barn til og med 2. klasse. Annankvar onsdag kl. 18.00 - 18.45 på Rossland bedehus. *Kontakt: Annelaug Isdal, 99 47 03 09.*

**Søndagsskulen Løveggen kvar søndag utanom skuleferiane og familie-gudstenester.** Gruppe for barn under skulealder og skulebarn opp til 7. kl. *Kontakt: Anne Marit Fosse Dahle, 93 61 13 11.*

**Yngres Frekhaug.** Aktivitetar, andakt og kiosk. For 5.-7. klassingar. Annankvar fredag kl. 18.30-21 på Frekhaug bedehus. Samarbeid med Norkirken og Frekhaug indremisjon. *Kontakt: Kari Erikstein, 95 43 58 57.*

**Yngres Rossland.** Aktivitetar, andakt og enkel matservering, Frå 3. klasse og oppover. Annankvar fredag kl. 18.00 - 19.30 på Rossland bedehus, *Kontakt: Miriam Skurtveit, 94 84 69 96.*

MEIR INFO:  
WWW.MELANDKYRKJA.NO

## Konfirmasjonsdatoar 2019

### LØRDAG 7.SEPTEMBER

#### Kl. 11.00:

Hanne Skibenes  
Sanne Wellbrock Meland  
Natalie Ruus  
Dina Peiffer Østensen  
Caroline Sapan Wallem  
Helene Austrheim  
Ida Sofie Gullaksen Myhr  
Mathilde Åsebø Olsen  
Mariell Gaustad Hindenes  
Kristian Henriksen  
Robin Steinsland Brakstad  
Arin Engedal Baug  
Mats Hellen Kårbø  
Bjørn Ian Sagstad

#### Kl. 13.00:

Elias Walde Odland  
Elise Walde Odland  
Jakob Eikeland  
Joachim Sagstad  
Nathalie Hopsdal  
Kristoffersen  
Bettina Tungodden Tvedt  
Simon Vågstøl  
Mathea Sæle  
Sondre Brekke Foss  
Kristian Dahle  
Emma Lervik Skarpenes  
Helene Langeland  
Turid Nyheim  
Ardun Ulvedal  
Abrahamsen  
Torstein Askeland

### SØNDAG 8.SEPTEMBER

#### Kl. 11.00:

Oda Hægland Kaland  
Simen Meijers Namtvedt  
Kristiane Andrea Stendal  
Sjurseth  
Stine Marie Skår Johansen  
Heidi Storsæt  
Jonas Sævareid Nordtveit  
Martine Bø Henriksen

#### Kl. 11.00:

Marte Kojan Karlsen  
Ariel Sagstad Vange  
Mathias Bjørge Gaustad  
Susanna Jarness  
Sigrid Aalen Jacobsen  
Isabella Bjørndal Maassen  
Andreas Langeland Hernar  
Per Morten Ones Dale

Mats Stormark Ebbesvik  
Fabian Åsebø Olsvoll  
Lars Rune Brundtland Eide  
Samuel Steinhovden  
Vebjørn Bø Dalstø

#### Kl. 13.00:

Sondre Gjærøe Lædre  
Martin Berg-Johansen  
Alma Stavnes  
Thea Mørch Fosse  
Oliver Andrè Selland-Dalseide  
Marius Hammer Sylta  
Nilla Maria Grasdal Lampa  
Benedicte Emilie Grønning  
Andrea Fardal Gravelseter  
Julianne Wellbrock  
Othilia Celine Blom  
Vilde Larsen Gabrielsen



## FAKTA

**Namn:** Therese Hystad Aakre

**Alder:** 40

**Bustad:** Ikenberget

**Sivil status:** Gift, og 4 barn

**Yrke:** Lærer

# Frå kyrkjebenken

Tekst: Therese Hystad Aakre.

Foto: Privat

### – Kva kyrkje tilhøyrrer du?

– Alversund kyrkje og Knarvik kyrkje.

### – Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden?

– Sidan vi flytta til Alversund i 2005. Då vart eg spurd om å vere med i barnekorarbeidet, og fram til no har eg vore engasjert i det.

### – Kva set du mest pris på ved kyrkjelyden?

– Mangfaldet i kulturbakgrunn, alder og uttrykk. Eg set stor pris på at det er lagt til rette for barnefamiljar, og eg kjenner meg alltid velkomen i gudstenesta – med eitt og to barn på fanget. Musikk er viktig for meg, og eg likar å ta del i allsongen. Eg trivst også godt på kulturkafé i Knarvik kyrkje, og tenkjer at dette tiltaket er viktig. For meg er det viktig med toleranse, respekt og mangfald i kyrkja, og eg ynskjer at alle skal få kome som dei er.

### – Korleis vil du skildre kyrkja?

– Eg er stolt over at vi har fått eit så flott kyrkjebygg som Knarvik kyrkje er. Vi har hatt fleire store familiearrangement med barnekora der, og opplever at bygget fungerer svært godt i slike samanhengar. Kyrkja i Alversund er også svært fin, og det er viktig at også dette kyrkjebygget vert teke vare på.

### – Kva salme syng du gjerne for tida?

– Det er vanskeleg å peike på ein bestemt salme, men friskt i minnet sit salmane frå NRK-gudstenstene. Eg likar særleg godt salmen «Gud skapte lyset», som vi i Singeling har sunge mykje - og hatt teiknspråk til.

### – Kva kjenneteiknar ein god kyrkjekaffi?

– Eg er fascinert over det frivillige arbeidet tilknytt kyrkjekaffien, og er glad for jobben dei gjer – dei som søndag etter søndag steller i stand. Eg har enno ikkje bakt ei einaste kake til kyrkjekaffien, men har fått mykje godt å bite i. Borna i koret set særleg pris på kyrkjekaffien, og ser på det som ein liten «premie» etter gudstenesta ...



## MELAND ELEKTRO

AUTORISERT ELEKTROENTREPRENØR

Mjåtveitflaten 45 • 5918 FREKHAUG  
Tlf 56 17 87 00 • post@melandelektro.no  
[www.melandelektro.no](http://www.melandelektro.no)

## TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?



## 22 40 00 40

# KYRKJEVAL

Tekst og foto: Jarle Hagen/Kyrkjerådet

Har du fått med deg at det er kyrkjeval i år? At du som er medlem kan vere med å påverke kyrkja der du bur, og at du kan vere med å bestemme kven som skal sitje i kyrkja sitt «storting»? I kyrkjevalet kan alle medlemmar av kyrkja, frå det året dei fyller 15 år, vere med å bestemme kven som skal vere tillitsvalde i kyrkja lokalt, regionalt og nasjonalt. Kyrkja vår er demokratisk, og alle medlemmane kan vere med å forme kyrkja. Det er viktig at det ikkje berre er dei som aktivt går i kyrkja som er med å forme den, men alle! Alle som er døypte er like mykje verd som medlem av kyrkja og kan vere med å påverke utviklinga i kyrkja. Når vi snakkar om kyrkja lokalt, er det kyrkja der du bur. Den regionale kyrkja er bispedømmet du bur i. Det nasjonale nivået er Kyrkjemøtet. Det er om lag 1200 kyrkjelydar fordelt på elleve bispedømme i Noreg.

I kyrkjevalet stemmer du på representantar til både sokneråd og bispedømmeråd/Kyrkjemøtet. I alle bispedømme kan ein velje mellom fleire lister i val av bispedømmeråd, medan i soknerådsvalet er det mest vanleg med ei liste.

Soknerådet bestemmer kva kyrkjelyden skal jobbe med. Rådet er involvert i utforming av gudstenester, konfirmantundervisning, tiltak for born, eldre, innvandrarar og andre. Soknerådet gjer ein verdifull innsats for kyrkja i lokalmiljøet og har mellom fire og ti medlemmar, i tillegg til varamedlemmar og sokneprest. Bispedømmerådet er dei som tilset prestar, og jobbar til det beste for kyrkja i bispedømmet. Dei som vert vald inn i bispedømmeråda utgjer Kyrkjemøtet, der medlemmane er med å påverke viktige retningsval på nasjonalt nivå i kyrkja. Kyrkjemøtet vert ofte omtalt som kyrkja sitt «storting».

I dei fleste kyrkjelydar er det berre ei liste ved val av sokneråd. Denne er sett saman av ein nominasjonskomité. I dei fleste bispedømme kan du velje mellom kandidatar frå Bønnelista, Nominasjonskomiteens liste og Åpen folkekirke. Ved begge vala kan du levere lista utan å gjere endringar, men du kan òg gjere endringar for å gje ekstra stemmer til nokre personar. Du finn meir informasjon om kandidatar og lister til begge vala på kyrkjevalet.no. Her finn du også informasjon om kva endringar du kan gjere på stemmese-telen.

Alle medlemmar i Den norske kyrkja som er busett i soknet har stemmerett. Alle som er fødd i 2004 eller tidlegare som har stemmerett får tilsendt valkort i starten av august. Då får du òg ei brosjyre som fortel meir om valet. Det er val kvart fjerde år, samtidig med kommunevalet. I år er valdagen måndag 9. september, og mange stader er det valdags søndag 8. september i tillegg. Det går an å førehandsstemme i perioden 10. august til 6. september. Du får informasjon om tid og stad for valet i din stemmekrets på valkortet.

Meir informasjon om valet finn du på [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no)





# Slik svarar dei politiske partia om kyrkje- og kristenliv

ME HAR STILT FØLGJANDE SPØRSMÅL TIL LISTETOPPANE FOR PARTIA SOM STILLER TIL VAL I ALVER KOMMUNE:

1. Skal du stemma ved kyrkjevalet?
2. Kva ser ditt parti som den eller dei viktigaste sakene når det gjeld kyrkje- og kristenliv i Alver kommune?

## ØYVIND ODDEKALV ARBEIDARPARTIET

1. Eg har ikkje pleidd å delta tidlegare ved kyrkjevalet, men det er viktig med høg valdeltaking også her.

2. Det er ein viktig omstillingsprosess ein går inn i med den nye kommunen og med endring av soknerådsgrenser. Samtidig er det viktig at kyrkja i Alver kommune opplever føreseielege rammevilkår, slik at ein kan levere gode tenester til innbygarane i ulike livssituasjonar. Alver Ap ønskjer å bidra til dette.



## MORTEN KLEMENTSEN FNB ALVER

1. Ja, eg skal stemma i Kyrkjevalet, og eg oppfordrar våre listekandidatar og veljarar å gjera det same.

2. Folkeaksjonen Nei til mer bompenger sine fire kumulerte listekandidatar er medlemmar i Den norske kyrkja. Begrep som moral, etikk og ærlegdom er sunne og gode normer for oss folkevalde, som for kyrkja. FNB ønskjer å ha god kommunikasjon med kyrkjelydane i komande kommunestyreperiode.



## LEIF JOHNSEN MDG ALVER

1. Ja.

2. At kyrkjene i Alver også får kvinnelege prestar, og er ei mangfaldig folkekyrkje med låg terskel og høg himmel under taket. At det blir regulert inn tomt til kyrkje på Frekhaug tidleg i fireårsperioden.



## NILS MARTON AADLAND HØGRE

1. Ja, eg skal stemma ved kyrkjevalet. Det er viktig at vi deltek i kyrkjedemokratiet.

2. Kyrkja og kristenliv står sterkt i Alver kommune, og driv eit omfattande arbeid både i kvardag og høgtid.

Kyrkja gir eit viktig tilbod til menneske i alle aldersgrupper og i ulike livssituasjonar. Alver Høgre vil arbeida for at kyrkja har gode rammevilkår for å fylla denne oppgåva på ein god måte.



## ASTRID AARHUS BYRKNES KRF

1. Eg skal stemma ved kyrkjevalet. Som medlem i kyrkja er det viktig for meg å ta del i demokratiet ved nettopp å velja representantar til styrande organ i kyrkja.

2. For KrF er det viktig å støtta opp om frivillig arbeid. Kyrkja bidrar som samfunnsbyggjar, men også i det viktige arbeidet med å gjera kyrkja og trua kjent - og inkludera alle. Vi er imponert over arbeidet kyrkja gjer for born, unge og vaksne. At våre nye landsmenn blir inkludert blir lagt merke til. KrF vil vere med å leggja til rette slik at kyrkja har føreseielege rammer for arbeidet, også det frivillige arbeidet.



## TORBJØRN TARANGER ALVER SV

1. Ja. Eg synest det er viktig at alle brukar stemmeretten sin. Demokrati må me ta vare på.

2. Kyrkja gjer eit flott arbeid med mange grupper i kommunane våre. Me i Alver SV ser det viktige og verdien i dette.

Både unge og eldre har gode tilbod gjennom kyrkja og det er noko som me vil skal fortsetja i Alver kommune.



**NINA STABELL ØVREÅS**  
FRAMSTEGSPARTIET



1. Klart at eg vil stemma. Det er viktig å få personar inn i fellesrådet som vil jobba for ei aktiv kyrkje.

2. Frp jobba hardt for å bygga kyrkja i Knarvik. Kyrkja har ei stor rolle i nærmiljøet og det er viktig at det er ei arbeidskyrkje som kan romma mange ulike aktivitetar, som f.eks. på Ostereidet. I kyrkja har dei mange ulike aktivitetar for store og små. Spesielt vil eg nemna Fredagskafeen, som er viktig samlingspunkt for ungdommane.

FrP tuftar på Noregs grunnlov, norsk og vestleg tradisjon og kulturarv, med basis i det kristne livssyn. Derfor meiner vi at blant anna skulegudstenesta skal vera lovpålagt.

**BJØRN HUMBLEN**  
PARTIET DEI KRISTNE ALVER



1. Ja, eg skal stemma ved kyrkjevalet.

2. Det viktigaste for kyrkja i Alver er å stå fast på Guds ord om å bevare menneskelivet – født eller ufødt. Verna om familien og ekteskapet som ukrenkeleg og status som ei unik forening mellom kvinne og mann. Støtta opp om arbeidet for å gje det jødiske folk ein sikker og trygg heim i den einaste demokratiske staten i Midt-Austen. Fremja opplæring i heim og skule i den kristne tru på den einaste som kan gje oss frelse og evig liv; Jesus Kristus.

**HENDRIK WEBER**  
RAUDT



1. Nei.

2. Raudt er for at alle kan velja si eiga tru. Dette ser vi som ein grunnleggande demokratisk rett. Alle religionar skal møtast med anstendighet og respekt. Men retten til å kritisera religion er like prinsipielt viktig som religionsfridomen. Vi ønskjer et tydeleg skilje mellom stat og kyrkje, men er klar over at den kristelege trua står sterkt i tradisjon og historie.

**JON ASKELAND**  
SENTERPARTIET



1. Eg vil også ved dette valet stemma ved kyrkjevalet, det er viktig for forståinga av omgrepet folkekyrkje!

2. SP vil vidareføra og utvikla samarbeidet med kyrkja i Alver, og me har programfesta følgjande: Kyrkja står sterkt i Alver. Me vil vidareføra økonomisk støtte til og ha eit godt samarbeid med kyrkja gjennom Kyrkjeleg fellesråd, og gje andre trussamfunn tilskot etter gjeldande reglar.

Innan kyrkje og trusliv vil SP arbeida for å sikra fellesrådet føreseielege rammer for sitt arbeid, sikra godt vedlikehald på kyrkjer og gravplassar, oppfordra kyrkjeleg fellesråd til å oppretta minnelundar på gravplassar, starta planarbeid for arbeidskyrkje på Frekhaug, og utvida Meland kyrkjegard i perioden.

**SVEINUNG TOFT**  
VENSTRE



1. Eg skal ikkje røysta i kyrkjevalet.

2. Det eg ser på som det viktigaste er at kyrkja i Alver i framtida klarer å inkludere alle typar menneske inn i fellesskapet, slik at alle kan kjenna seg trygge på at dei er velkomne uansett bakgrunn, sosial status, identitet mv. At kyrkja i Alver klarer å tilby fine sosiale opplevingar og gode fellesskap, og samstundes vera ein demokratisk organisasjon med respekt for ulikskap og mindretalet sine rettar og synspunkt, er og svært viktig.

Kyrkja i Knarvik må ha ressursar til å tilby gode kulturelle arrangement, som storkyrkja for alle i Alver.

# Lokale kandidatar til bispedømerådet

NOMINASJONSKOMITÉEN SI LISTE:



## **DANIEL KYDLAND:**

Eg vil arbeide for ei inkluderande kyrkje som jobbar for at ungdom, unge vaksne og barnefamiliar skal kjenna seg involverte.

Gjennom involvering av unge vil eg arbeida for ei større oppslutning rundt gudstenesta, og anna kyrkjeverksemd som fremjer evangeliet om Jesus Kristus og oppmuntrer menneske til ei tru på han.

Eg er takksam for den gode gudstenesta vår, difor vil eg styrke den lokale forankringa. Dette trur eg vil generere frivillighet samt ha ein god innverknad på dåps- og konfirmasjonstala.



## **ARVE KJELL UTHAUG:**

Det viktigaste i kyrkja skjer på aller høgaste nivå, som er over både kyrkjemøte og biskopar, og på lågaste nivå, som er den lokale kyrkjelyden. Arbeidet i bispedømeråd og kyrkjemøte er likevel viktig.

Eg ønskjer å støtta alle gode krefter som vil arbeida for ei engasjert kyrkje tufta på Guds ord. Den lokale kyrkjelyden må få større ansvar, og bør sjølv få tilsetja prestane.

Dessutan bør det veljast inn ein god ungdomskandidat frå Nordhordland, så kryss av for Daniel Kydland viss du stemmer på Nominasjonslista.

OPEN FOLKEKYRKJE SI LISTE:



## **HÅKON GLATVED-PRAHL:**


Eg vil arbeida for ei kyrkje som fremjer menneskeverdet og motarbeider diskriminering. Ei kyrkje der alle skal føla seg hjarteleg velkomne. Dette er i tråd med kyrkja sitt grunnlag og oppdrag: Kjærleikens evangelium. Jesus lytta, let seg prega og endra seg i møte med andre, og han løfta fram undertrykte og utstøtte.

Lokalt meiner eg mellom anna at Bjørgvin bispedømeråd bør tenkja nytt med tanke på auka oppslutnad om gudstenestene.



# KRYSSORD

Laga av Arvid Sakseide

			nr.3 2019 A.S.	bruka penn	båt- byg- gjar	ein Gjel- line	rex	mot- vil- lige		blink	<u>frukt</u>	tonen over C
			kan- tori				<u>vesal</u> kyrkje- distrikt		<u>loge</u>			
			skule- veske							EU før i tida		
	<u>rekke</u> ----- pron..		<u>drikk</u>	<u>prep.</u> kule- rame		<u>tittel</u> .. Bav- nehøj					<u>adv.</u> kilo- tonn	
500			.						<u>gie!</u>			
by i Me- sopota- mia			del av <u>våpen</u> rotkål								bøye	kor- stem- mer
		<u>stela</u> ny- vaska			<u>vesen</u> eldre mål		<u>prep.</u>	<u>lag</u>	950	mynt		
nyttar												
blod- væske	<u>parti</u>					øy i Sogne- fjorden	<u>.og pleti</u>	<u>spøk</u>			<u>slaps</u>	
kyrkje- høg- tid						kaldt <u>belegg</u> bunt				<u>reisk.</u> vok- alar		
	?			<u>stoff</u>					<u>like</u>			
	<u>elv</u>	mat- <u>rett</u> prep.									<u>3,14</u>	
kyr- kje- leiar					malm		<u>svovel</u>	fugle- byg- ning				

Send heile kryssordet (evt.foto/scan) innan 30.september til post.meland@kyrkja.no eller i post til Meland kyrkjelyd, Postboks 117, 5906 Frekhaug. Premie: Gåvekort kr. 250, Knarvik Senter. Vinnar i nr 2/19: Anne Berit Helle, 5918 Frekhaug



**Vatne**  
Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrette-  
legging ved begravelser og bisettelser.

**Døgnvakt 56 35 09 10**  
www.vatne-byra.no  
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsbø



**Knarvik**  
**Blomsterstove**



Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø  
Tlf: 56 35 62 20 – [www.knarvikblomsterstove.no](http://www.knarvikblomsterstove.no)

**KNARVIK 40 SENTER**



Møteplassen for handel og kultur

# Kulturkalender

31. oktober - torsdag

## **HALLOVENN**

### **Knarvik kyrkje**

Ein stor vennefest for barn opptil 12 år med mange ulike aktivitetar, underhaldning, mat og godteri. Sjå 'Hallovenn Knarvik' på Facebook for info om pris og påmelding.

Arr. Fleire kyrkjelydar og forsamlingar i Nordhordland

9. november - laurdag

## **FELEBALUBA**

### **Knarvik kyrkje kl. 12.00**

Familieforestilling «Felebaluba med Askeladden» m/ Ramona Sulen og Elisabeth Vannebo. Arr.: Musikkens Venner.

24. november - søndag

## **HÄNDELS MESSIAS**

### **Knarvik kyrkje kl. 18.00**

Alversund kammerkor m/ solistar og orkester.

27. november - onsdag

## **BIBEL-FORESTILLING**

### **Knarvik kyrkje kl. 19.00**

«Som skrive står». Svein Tindberg les, fortel og leikar med tekstar frå Bibelen. Arr. Alversund sokneråd

29. november - fredag

## **KONSERT**

### **Knarvik kyrkje kl. 19.00**

Artisten Kristin Minde og Knarvik Gospel. Konsert med kjente og nye julesongar. Arr. Knarvik Gospel

I Knarvik kyrkje blir det ei langlesing frå Bibelen i slutten av november. Som ein del av 5-årsmarkeringa for Knarvik kyrkje skal Det nye testamentet lesast frå start til slutt. Dette vil skje på ettermiddag- og kveldstid frå onsdag 27. november. Forestillinga «Som skrive står» med Svein Tindberg markerer starten på prosjektet. Tindberg tar oss med bak kulissene og fortel om sitt arbeid. Det blir ein kveld med mykje latter, men sjølv sagt også tekstar både fra Markusevangeliet, Abrahams barn og frå Tindbergs «Bibelfortellinger for barn».



**Helga Bjørke Harnes**

## Andakt

Jesus samla ofte folk rundt seg som andre såg ned på. Dei som meinte dei hadde orden på livet kunne ikkje skjønne korleis Jesus kunne søke fellesskap med desse svikarane og syndarane! Til desse tilsynelatande vellukka menneska fortalde Jesus denne likninga:

«Ein mann hadde to søner. Den yngste sa til far sin: 'Far, lat meg få den delen av

formuen som fell på meg.' Så skifte han eigedomen sin mellom dei. Ikkje mange dagane etter selde den yngste sonen alt det han eigde og drog til eit land langt borte. Der levde han eit vilt liv og sløste bort formuen sin. Då han hadde sett alt over styr, vart det uår og svolt i landet, og han tok til å lida naud. Han gjekk då til ein av mennene der i landet og bad om arbeid, og mannen sende han ut på markene sine for å gjeta grisene. Han ønskte berre å få metta seg med dei belgfruktene som grisene åt, men ingen gav han noko.

Då gjekk han i seg sjølv og sa: 'Kor mange leigekarar heime hos far min har ikkje fullt opp av mat, og her går eg og svelt i hel! Eg vil bryta opp og gå heim til far min og seia: Far, eg har synda mot Himmelen og mot deg. Eg er ikkje verd å kallast son din lenger. Men lat meg få vera som ein av leigekarane dine.' Så braut han opp og gjekk heim til far sin.

Medan han endå var langt borte, fekk faren sjå han, og han fekk inderleg medkjensle med han. Han sprang imot han, kasta seg om halsen på han og kyste han. Då sa sonen: 'Far, eg har synda mot Himmelen og mot deg. Eg er ikkje verd å kallast son din lenger.' Men faren sa til tenarane:

'Skund dykk! Finn fram dei beste kleda og ha dei på han, og lat han få ring på fingeren og skor på føtene. Hent så gjøkalkven og slakt han, og lat oss halda måltid og feira. For denne sonen min var død og har vorte levande, han var bortkomen og er atfunnen.' Og så tok festen og gleda til.» (Lukas 15, 11-23)

Likninga er rik på innhald, les ho gjerne fleire gonger! Mellom anna viser ho at det å gå seg vill, rote det skikkeleg til og misse Gud av syne ikkje endrar Guds ventande, tilgjevande og frigjerande kjærleik.

Vi er velkomne heim igjen til Han, alltid.



## OPPSKRIFT

# Elin sine smale kyrkjelydsvaflar

Ei røre gir 8 vaflar.

Songpedagogen Elin Halvorsen Langenes er oppteken av sunne matval i kvardagen. Ho kjem frå Norheimsund i Hardanger og har fem barnebarn på Frekhaug. Ho er gift med Steinar.

### Ingredienser

1 ½ dl	kveitemjøl
1 ½ dl	sammalt kveite, fin
1 dl	havregryn
2 ss	stevia (søtemiddel)
½ ts	salt
½ ts	bakepulver
4 dl	lettmjøl
2 ss	lettrømme
2 stk	egg
2 ss	smelta smør

### Framgangsmåte:

1. Ha alle tørrvarene i ein bakebolle.
2. Spe med mjøl, litt om gongen. Rør godt mellom kvar gong for å unngå klumpar.
3. Ha i egg og smelta smør, rør saman til ei glatt røre.
4. La røra svella i 15-20 minutt.
5. Steik vaflene til dei er gyldne.



Server  
 gjerne med:

Blåbær  
Bringebær  
Vaniljekesam

## Nordhordland Begravelsesbyrå AS

VIRKE  
GRAVFERD

Ring oss på tlf. 56 37 14 10  
eller sjå [www.nordh-bb.no](http://www.nordh-bb.no)

Stort utvalg  
i blomster og  
gravminne!

KYRKJEVEGEN 1  
5911 Alversund

FREKHAUG:  
Havnevegen 31,  
5918 Frekhaug

AVD. VAKSDAL:  
Tlf. 56 99 25 70

*Me går saman med deg heile vegen*

## GRAVMINNER

 Løvaas  
Naturstein



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen

Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.


[www.lovaasnaturstein.no](http://www.lovaasnaturstein.no)



DEN NORSKE KYRKJA

# Kyrkja treng gode leiarar – kven vil du gje di stemme?

Du er med på å bestemme kven som skal sitje i Bjørgvin bispedømeråd og Kyrkjemøtet, Den norske kyrkja sitt «storting» i perioden 2019 – 2023.



På dei neste sidene vil du få ein kort presentasjon av alle kandidatane som stiller til val. Meir utdjupande informasjon finn du på [kyrkja.no/bjorgvin](http://kyrkja.no/bjorgvin) eller [kyrkjevalet.no](http://kyrkjevalet.no). Informasjon om kva kandidatane og listene står for og meiner om ulike saker, presenterer dei sjølve på eigne nettsider.

**Kyrkjevalet**  
8.-9. sep. 2019

I Bjørgvin bispedøme er det tre lister ved bispedømerådsvalet: Bønnelista, Nominasjonskomiteens liste og Open Folkekyrkje. Listene er presentert alfabetisk. Kandidatane på kvar liste er presentert i prioritert rekkefølge.

## Bønnelista

Bønnelista vil føre vidare dei bibelske verdiane som Den norske kyrkja vart tufta på som følgje av den Lutherske reformasjonen.


Kyrkja må leiast av Guds Ord og Ande, og alle vedtak samsvare med Bibelen. Vi ønskjer optimalt sjølvstyre lokalt, der råd og medlemmer får bibelforankra trusopplæring og kurs i kyrkjelydsutvikling, i å leve som Jesu etterfølgjarar og spreie evangeliet.

Kyrkja skal oppmuntre alle i kyrkjelysten til å tene Herren etter den einskilde sine gåver og føresetnader. Vi ønskjer ei fornya kyrkje av lemer som har Jesus som Herre, og som søker Gud og Hans vilje gjennom bøn og tilbeding.

Sjå kandidatane på [www.bonnelista.no](http://www.bonnelista.no)



**Stein Oltedal**  
f. 1952, pensjonert prest, Naustdal.



**Solaug Anita Apelthun Sæle**  
f. 1951, økonomisjef, Fjell.



**John Eivind Warvik**  
f. 1994, pioner/tømrar, Ortnevik.



**Anne Kristine Torvik Christiansen**  
f. 1954, vernepleiar, Fjell.



**Øyvind Skartveit**  
f. 1992, student, Tysnes.



**Magdalena Steinhovden**  
f. 1947, pensjonert sjukepleiar, Naustdal.



**Stig Bruun**  
f. 1968, økonom, Rådal.



**Jan Frank Leirkar Christiansen**  
f. 1952, pensjonert vernepleiar, Fjell.



**Anna Helena Bruun**  
f. 1974, rekneskapsfører, Rådal.



**Andreas Skjelde**  
f. 1993, student, Slettebakken.

# Kyrkjevalet

## 8.-9. sep. 2019

## Nominasjonskomiteens liste

Det er ein nominasjonskomité som har sett opp lista. Nominasjonskomiteen er valt av representantar frå sokneråda, med eit medlem frå kvart prosti.

Lista er utarbeidd på bakgrunn av forslag frå sokneråd, ungdomsrådet i bispedømet og forslag frå medlemene i nominasjonskomiteen. Det er vidare lagt vekt på at ein skal representere ei breidde i kva kandidatane meiner i aktuelle kyrkjelege spørsmål.

Lista representerer ingen organisasjon eller interessegruppe. Saman vil vi arbeide til det beste for den lokale kyrkja.

Den enkelte kandidat presenterer seg sjølv på [nominasjonslisten.no](http://nominasjonslisten.no)



**Vemund Atle Øiestad**  
f. 1948, pensjonist, Nordsida, Nordfjord.



**Turid Fjose**  
f. 1969, overlege, Voss.



**Per Hilleren**  
f. 1959, bonde, Stedje.



**Mali Smemo Hjemdal**  
f. 1973, rådgjevar, Etne.





**5** Gerhard August Hansen  
f. 1951, pensjonist, Os.



**6** Daniel Kydland  
f. 1997, student, Knarvik.



**7** Madli Kvamme Hannisdal  
f. 1950, pensjonist, Osterøy.



**8** Leif Steinar Alfsvåg  
f. 1959, fagseksjonsleiar, Stord.



**9** Harald Berge Breistein  
f. 1956, dagleg leiar, Åsane.



**10** Arve Kjell Uthaug  
f. 1967, administrasjonssjef, Frekhaug.



**11** Kristian Slettebø  
f. 1989, revisor, Bergen.



**12** Liv Oddlaug Skaaheim  
f. 1948, pensjonist, Førde.



**13** Ingrid Grimstad  
f. 2000, student, Stord.

## Open folkekyrkje

Vi som står på lista til Open folkekyrkje vil at Den norske kyrkja skal utviklast vidare som ei open og demokratisk kyrkje som frimodig forkynner det glade evangeliet om Jesus.

Vidare vil vi arbeide for ei kyrkje som er open for alle, som fremjar menneskeverdet og som motarbeider diskriminering.

Sjå elles [www.apenfolkekirke.org](http://www.apenfolkekirke.org) for fullstendig valgprogram.



**1** Karl Johan Kirkebø  
f. 1950, pensjonist, Bergen.



**2** Nora Sætre Baartvedt  
f. 1994, teologi-student, Voss.



**3** Runar Larsen  
f. 1997, student, Sveio.



**4** Line Berggreen Jacobsen  
f. 1986, rådgjevar, Bergen.



**5** Oddny Irene Miljeteig  
f. 1954, komitéleiar, Bergen.



**6** Eiel Holten  
f. 1968, seniorrådgjevar, Bergen.



**7** Åse Kongsvik  
f. 1962, rettleiar, Leikanger.



**8** Erik Torp Nilssen  
f. 1947, pensjonist, Førde.



**8** Torill Jørgensen Frøise  
f. 1972, gruppe-sekretær, Askøy.



**9** Håkon Glatved-Prahl  
f. 1956, journalist, Alversund.



**10** Marit Melvær Berge  
f. 1952, pensjonist, Florø.



**11** Christian Emil Hagen  
f. 1990, student, Bergen.



**12** Therese Nesse Mokkelbost  
f. 1973, administrasjons-konsulent, Bergen.



**13** Ann Elisabeth Tveit  
f. 1972, lærar, Bergen.

# Godt å vite om valet

## Kven kan stemme?

Medlemer av Den norske kyrkja har stemmerett frå det året dei fyller 15 år. Du må vere døypt for å vere medlem i Den norske kyrkja. Nesten 3,1 millionar menneske har stemmerett ved Kyrkjevalet i 2019.

## Når og kvar er det val?

Kyrkjevalet blir halde 8. og 9. september 2019, samtidig med kommunestyre-/ fylkestingsvalet. Kyrkjevalet finn stad i eit lokale nær det offentlege valet. Du kan også stemme på førehand frå 10. august. Alle med stemmerett får i august eit valkort i posten med informasjon om kvar og når dei kan stemme.

## Kven kan du stemme på?

Du stemmer på kandidatar til soknerådet og til bispedømerådet/Kyrkjemøtet. Kandidatane blir valde for ein periode på fire år. Ved val til sokneråd er det dei fleste stader berre ei valliste. I valet til nytt bispedømeråd er det i Bjørgvin bispedøme tre lister å velje mellom.

## Kva gjer kyrkjemøtet?

Kyrkjemøtet er «kyrkja sitt storting», og det øvste organet i Den norske kyrkja. Her blir alle bispedømeråd samla i ei veke kvart år. Kyrkjemøtet bestemmer ordningar og liturgiar, og i den komande perioden vil det bli viktige saker om kyrkja si organisering.

## Kva gjer bispedømerådet?

Bispedømerådet er det regionale styringsorganet i kyrkja. Rådet tilset prestar og er arbeidsgjevar for desse og enkelte andre. Det arbeider for samordning av det kyrkjelege arbeidet i dei mange kyrkjelydane i bispedømmet. Medlemene i bispedømeråda utgjer samla Kyrkjemøtet.

## Kva gjer soknerådet?

Arbeidet til soknerådet spenner over mange tema. Det kan vere barne- og ungdomsarbeid, juss og økonomiforvaltning, tilsetjingar, gudstenester, miljø og rettferd, omsorg, musikk og misjon. Råda skal sørge for vekst og næring til kyrkja og lokalsamfunnet der du bur.

Sjå kven som stiller til val i kyrkjelyden og bispedømmet på [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no)

## Slik går du fram når du skal stemme

Kyrkjevalet er to val: val til sokneråd og val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.

I alle vallokala skal det vere ein stad der du i einerom og usett kan velje dei stemmesetlane du vil ha, og gjere endringar. Dette kan til dømes vere eit valavlukke eller eit eige rom.

### I avlukket

- 1 Vel stemmesetlane du vil bruke, éin per val. Du kan stemme ved eitt val eller begge vala.
- 2 Gjer eventuelle endringar på stemmesetlane
- 3 Brett stemmesetlane så ingen kan sjå kva du har stemt.

### Hos valfunksjonæren

- 4 Du må vise legitimasjon. Valfunksjonæren kryssar deg av i manntalet og stemplar stemmesetlane.  
NB! Stemmesetlane må ha stempel for å bli godkjende.
- 5 Legg stemmesetlane i valurna.

# Slekters gang

## Døpte

**14.04.2019**

Maximilian Fernandez Badman

Mathea Sivertsen Carlsen

Lykke Malea Ramse

**21.04.2019**

Ulrik Gabrielsen Skjelanger

**28.04.2019**

Melina Noelle Berland Dale

**12.05.2019**

Max Milian Skulstad Steinhovden

**02.06.2019**

Jonas Emil Eide

Noel Hjertås Ølmheim

## Vigde

**01.06.2019**

Emma Kvalheim og Jon Andre

Bratshaug

## Gravlagde

**22.03.2019**

Gunnar Hagesæter (f. 1942)

**12.04.2019**

Solveig Landsvik (f. 1925)

**26.04.2019**

Solveig Natalie Hagen (f. 1910)

**26.04.2019**

Elisabeth Marie Skare (f. 1926)

**03.05.2019**

Reijo Olavi Kilpinen (f. 1955)

**03.05.2019**

Hjørdis Karoline Sagstad (f. 1925)

**03.05.2019**

Kirsten Milde Skurtveit (f. 1935)

**14.05.2019**

Eli Flatøy (f. 1946)



**GLØDE**  
Arbeids- og Kompetansesenter

Vi tilbyr utleie av flotte festlokale og har gode cateringtilbud til dåp, konfirmasjon, jubileum og minnesamvær. Sjå [www.glode.no](http://www.glode.no) eller ta kontakt på 56 17 58 00

**ALT I CATERING**

**NORDHORDLAND FOLKEHØGSKULE**  
[www.catering.com](http://www.catering.com) • tlf. 56 17 43 23

**Meland Auto AS**  
Autorisert bilverkstad  
[www.melandauto.no](http://www.melandauto.no)



**SKARSVÅG**  
Rør og Interiør as

Telefon: 56 17 07 10 Telefaks: 56 17 07 11  
Besøksadresse og Postadresse:  
Melandsvegen 15, 5918 FREKHAUG

Mandag-Fredag 08.00-16.00 Lørdag: STENGT

For avtale etter kl. 16.00 alle hverdager,  
ta kontakt på telefon: 56 17 07 10

**HELÅS AS**

- Gravminner og benkeplater
- Salg av nye steiner
- Vedlikehold
- Reprasjoner (nytt gull eller lakk)
- Navnetilføyelse
- Arbeid på kirkegårder (rette opp og sikre steiner)

Bare ta kontakt dersom du har spørsmål.  
Tlf 93 03 75 94 / 56 37 35 45

Gravstein i alle utførelser fra enkle og grove til helpolerte.  
Tilbehør til gravstedet  
Tilførsler av navn  
Oppussing vask, stell  
Rehabilitering reperatur

**STEINRIKET**  
EIKNER NATURSTEIN

Lokal representant  
**Rune Hjermann**  
Kyrkjesundsvegen 81, Holsnøy  
Mob 911 63120

[www.eikner.no](http://www.eikner.no)

NY STEIN · OPPUSSING · NAVNETILFØYING

**VESTSTEIN**  
naturstein

Kontakt oss på forhånd i telefon og gjør avtale  
5918 FREKHAUG - MOB.: 913 13 480



**Hageland**

Søderstrøm Blomster og Hagesenter AS  
Lyngvegen 1, 5914 Isdalstø  
tlf. +47 56 35 17 65  
mobil +47 926 08 647

**REMA 1000**

FREKHAUG SENTER  
tlf.: 56 17 60 00

**KIWI mini pris**

for alle med sans for lavpris  
FREKHAUG SENTER  
Åningtider: Man.-fred. 9.00-22.00  
Lørd. 9.00 - 20.00

# GUDSTENESTE- KALENDER

## 1. september

Kl.11.00 v/Håkon Økland  
Kinsarvik  
Nattverd  
Takkoffer til KRIK, kristen  
idrettskontakt  
«Søndagsåpent»

## 7. september

Kl.11.00 og kl.13.00 v/Bjørn  
Tore Sæle  
Konfirmasjon  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

## 8. september

Kl.11.00 v/Bjørn Tore Sæle  
Konfirmasjon  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

## 14. september

Kl. 11.00 og kl. 13.00 v/Håkon  
Økland Kinsarvik  
Konfirmasjon  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

## 15. september

Kl.11.00 v/Håkon Økland  
Kinsarvik  
Dåp og nattverd  
Takkoffer til Det Norske  
Misjonselskap

## 22. september

Kl.11.00 v/Knut Sørheim  
«Søndagsåpent».Nattverd  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

## 29. september

Kl.11.00 v/Bjørn Tore Sæle  
4- års bok. Dåp og nattverd.  
Takkoffer til Søndagsskolen,  
Bergen krets

## 6. oktober

Kl.11.00 v/Håkon Økland  
Kinsarvik  
Dåp og nattverd  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

## 13. oktober

Kl.11.00 v/Helge Taranrød  
Nattverd  
Takkoffer til Det Norske  
Misjonselskap

## 20. oktober

Kl. 11.00 v/Bjørn Tore Sæle  
Dåp og nattverd  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

## 27. oktober

Kl.11.00 v/Håkon Økland  
Kinsarvik  
«Søndagsåpent». Nattverd  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

## 3. november

Kl. 11.00 v/Håkon Økland  
Kinsarvik  
Dåp og nattverd  
Takkoffer til NLA

## 3. november

Kl.19.00 v/Håkon Økland  
Kinsarvik  
Minnegudsteneste

## 10. november

Kl.11.00 v/Håkon Økland  
Kinsarvik  
Nattverd  
Takkoffer til Stefanusalliansen

## 17. november

Kl.11.00 v/Bjørn Tore Sæle  
Lys vaken  
Dåp og nattverd  
Takkoffer til prosjekt i Tyrkia

## 24. november

Kl.11.00 v/Magne Bjørndal  
Dåp og nattverd  
Takkoffer For Livsrett og  
Menneskeverd

## 1. desember

Kl.20.00 v/Bjørn Tore Sæle  
Lysmesse. Nattverd.  
Takkoffer til Kyrkjefond



Meland

Foto av Meland kyrkje: Morten Sæle

## Fest på fest

Søndag 16. juni feira kyrkjelyden gudsteneste med innsetjing av vår nye spesialprest, Håkon Økland Kinsarvik. Etterpå feira små og store vidare i Tveit bedehus med middag, kaffi, song og andre fine innslag.

